

Nok ein soppsjukdom har dukka opp på edelgran i juletefelt i Rogaland



Af Venche Talgø*, Arne Stensvand* & Terje Pundsnes** * Bioforsk Plantehelse ** Norsk Pyntegrønt forsøksring

Skjemmande, gråbrune nåler etter angrep av soppen *Herpotrichia parasitica* er funnen på edelgran i juletefelt i Rogaland.

Vertplanter

I desember 2006 vart soppen *Herpotrichia parasitica* (syn. *Trichosphaeria parasitica*) funnen på nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) i eit juletefelt på ei øy i Rogaland. I april året etter vart det registrert store skadar av den same soppen på tyrkeredelgran (*A. bornmuelleriana*) hjå ein juletre dyrkarar på fastlandet i Rogaland. Rundt 70 % av trea var smitta. Nokre hadde så sterke angrep at dei kjem til å verta fjerna frå feltet.

Soppen er ikkje ny her i landet, men han er så vidt vi kjenner til ikkje funnen tidlegare i juletefelt. Finn Roll Hansen registrerte denne soppen på vanleg edelgran (*Abies alba*) i Hordaland i 1974. I 2004 fann vi sterke angrep av soppen på vanleg edelgran i Njåskogen i Time kommune på Jæren (Fig. 1). Frå Tyskland er det rapportert at soppen hovudsakeleg angrip vanleg edelgran, men

nordmannsedelgran, nobeledelgran (*A. procera*), veitchedelgran (*A. veitchii*) og granartar (*Picea* spp.) kan verta skadde når smittepresset er stort. I Danmark er soppen mellom anna registrert på nobel- og nordmannsedelgran.

Biologi

H. parasitica drep både årsnåler og eldre nåleårgangar (Fig. 2). Smitten skjer ved at soppen produserer to ulike sporehustypar med sporar (konidiar eller askosporar) som spreiaast med regn og vind, men også ved hjelp av sopptrådar (hyfer) som veks frå sjuke nåler/skot inn i friskt plantevev. På undersida av nålene vert det danna eit gulaktig, tett nettverk av hyfer over spalteopningsbanda (Fig. 3). Dette kan ein lett sjå med ei handlupe, men ein vil også kunna sjå det utan lupe. Det er sjeldan soppen produserer sporehus, så som regel finn ein berre hyfenettverket. Ofte vert nålene hangande lenge på trea, fordi nettet av hyfer festar dei til greinene. Sjuke nåler heng som regel rett ned (Fig. 4).



Fig. 1 Vanleg edelgran (*Abies alba*) med skadd bar på grunn av soppen *Herpotrichia parasitica*. Njåskogen (Time kommune), 2004. Foto: V. Talgø



Fig. 2 Tyrkeredelgran (*Abies bornmuelleriana*) med kraftig angrep av *Herpotrichia parasitica*. Juletefelt i Rogaland, april 2007. Foto: V. Talgø



Fig. 4 Ved angrep av *Herpotrichia parasitica* vert dei sjuke nålene hangande rett ned. Tyrkeredelgran (*Abies bornmuelleriana*), Rogaland, april 2007. Foto: V. Talgø

I litteraturen vert det sagt at skade oftast oppstår på nedre delar av trea i tette bestand der det vert skugge og stillestående, fuktig luft. Det stemmer bra med det vi såg i Rogaland i 2007. Det var store, tette, hogstklare juletre som var hardast ramma, spesielt på dei nedre greinkransane, men også yngre tre i eit meir ope felt like ved hadde byrja å få symptom.

Tiltak

Tre med kraftige angrep (Fig. 2) bør fjernast. Ved mindre angrep kan trea stammast opp og sjuke skot klyppast bort og takast ut av

feltet. Det må gjerast før trea skyt om våren, slik at smittepresset på dei nye, mjuke nålene vert redusert.

Luftige felt er viktig. Det er vanleg å planta med ein avstand på 1,2 x 1,2 m. Dette fører til at trea står med greinene heilt i kvarandre når dei nærmar seg hogst. Det fører til skugge og stillestående, fuktig luft som gir eit ideelt mikroklima for sopp. Det kan difor vera gunstig å selja unna ein del mindre tre for å få tynna litt i felta. Dersom ein har skuggefulle område i eit felt og det i tillegg er lite utsett for vind og trekk, bør ein vurderer å planta med litt større avstand der enn elles i feltet.

Frå Danmark vert det nemnt at det berre unntaksvis er aktuelt med kjemiske middel mot *H. parasitica*.



Fig. 3 Nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) med skadde nåler på grunn av soppen *Herpotrichia parasitica*. Rogaland, desember 2006. Under nålene vert det, som biletet syner, danna eit filtaktig, guloransje nettverk av sopptrådar over dei kvite spalteopningsbanda. Foto: V. Talgø